

Handlingsplan 2026

- oppfølging av

Bygdevekstavtale for Vest-Telemark

**Fyresdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Seljord
kommune, Tokke kommune og Vinje kommune og
Telemark fylkeskommune**

1. Introduksjon

Kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje og Telemark fylkeskommune har inngått bygdevekstavtale med staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet om å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i avtalekommunane. Avtala vart signert av partane 02.06.2025 og gjeld i perioden 2025-2028.

Avtala inkluderer tre delmål for Vest-Telemarkpiloten:

1. Fleire eigna bustader i Vest-Telemark
2. Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor
3. Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Måla i bygdevekstavtala krev koordinert innsats frå fleire sektorar. På nokre område er det primært aktuelt med eit pilot-stat-samarbeid, på andre er det aktuelt å samarbeide med fleire aktørar. For kvart delmål skal samarbeidspartane bli samde om konkrete tiltak i årlege handlingsplanar og bli samde om å invitere andre partar inn i arbeidet. Bygdevekstavtala er eit utviklingsarbeid som blant anna skal bidra til innovasjon og nytenking. Avtala skal vera eit supplement til det ordinære arbeidet i kommunane, og tiltak skal konkretiserast i samanheng med annan innsats i avtalekommunane. KDD vil utforme ein mal for sluttevaluering i dialog med avtalekommunane og namngjevne samarbeidspartar i avtalene.

2. Rammer for handlingsplanen

Handlingsplanen gjer greie for tiltak og aktivitetar i avtaleperioden. Tabellen under pkt. 7 gjev oversikt over finansiering av tiltaka. Samarbeidspartane kan bli samde om å prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden. Handlingsplanen viser også planlagt vekting av innsats i løpet av avtaleperioden.

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtala, og skal vera fastsett mellom samarbeidspartane under det enkelte delmål. Midlar til statleg medfinansiering vart løyvd frå Stortinget, men kan overførast til seinare år og skal dekke heile avtaleperioden. For kriterium for bruk av statlege midlar blir det vist til brev sendt frå KDD 07.01.2025.

Statsbudsjettet for 2026 vart lagt fram 15. okt. 2025. Arbeidet med bygdevekstarbeidet er foreslått vidareført i 2026 der det vart sett av 1 mill. kroner til prosjektleiing for Vest-Telemarkpiloten. Totalt vart det vedteke å løyve 74 mill. kroner til ordninga i 2026. Regjeringa legg opp til å vidareføre tilsvarande løyving ut avtaleperioden. Løyvinga vil delast mellom dei ti pilotane, og til samarbeidsaktørar. I samsvar med planen skal Vest-Telemark få tilført midlar til konkrete tiltak i 2027, men dette er avhengig av regjeringa sine prioriteringar og stortinget sitt budsjettvedtak.

Handlingsplanen blir oppdatert og godkjent årleg av KDD som grunnlag for utbetaling. Ved oppdatering skal det gjerast greie for (eige notat vedlagt til KDD):

1. Nye tiltak (med og utan statlege midlar) og eventuelt andre relevante tiltak som bør sjåast i samanheng.
2. Endring av eksisterande tiltak, og kva som er grunngevinga for endringane.
3. Avslutta tiltak, men ei kort vurdering av kva tiltaket har bidrege til.

For *Telemark fylkeskommune* er innsatsen for bygdevekstavgifta forankra i Telemarksplanen (regional planstrategi RPS), og blir vidare kopla mot andre planar og strategiar når desse blir rullert. Innsatsen bør rettast, og koordinerast, mot verkemidla knytt til programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Dette gjeld særleg kap. 553 post 60 og 65.

Kommunane Nissedal og Kviteseid er omstillingskommunar (post 65) og har i sine omstillingsplanar satsingar som er delvis samanfallande med bygdevekstavgifta. På post 60 *kompetanse og arbeidskraft i distrikta* har Telemark fylkeskommune gjort fordeling av midlane som koplar til bygdevekstavgifta.

Telemark fylkeskommune er i gang med gjennomgang av tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring i 2025 som skal politisk handsamast våren 2026.-Fylkestinget har gjort vedtak der bygdevekstavgifta skal bidra i arbeidet for å sjå på Vest-Telemark vidaregåande skule si rolle som regional utviklingsaktør.

Bygdevekstavgifta har i Telemark fylkeskommune blitt handsama og forankra i yrkesopplæringsnemnda, hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse, hovudutval for næring, industri og klima og i fylkestinget.

3. Handlingsplan 2026 per delmål

Piloten har lagt vekt på delmål 1) *Fleire eigna bustader i Vest-Telemark* med 60 % og dei to andre delmåla med 20 % kvar.

Prioriteringar 2026

Delmål 1: Fleire eigna bustader i Vest-Telemark

Dette delmålet heng på mange måtar saman med utfordringsbildet i alle kommunane. Kommunane har mål om vekst og tilflytting, noko som gjer at det er stort behov for å finne løysingar på dette delmålet. Alle kommunane har eit planverk som må passe saman med arbeidet i dette delmålet. Forankring av arbeidet i både overordna planar og anna planverk vil vera viktig, og kommunane sine vedtekne planstrategiar for perioden blir lagt til grunn for arbeidet. Kommunane er på ulike stadar i prosessen når planane skal rullerast (kommuneplanens arealdel, samfunnsdelen av kommuneplanen), og dei bør prioritere å få inn arbeidet med bygdevekst i dei overordna planane når desse skal rullerast.

Hovudmål:

Styrke berekraftig bustadutvikling i distrikta gjennom felles tiltak og samarbeid. Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærare omtale under).

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	Etablere og teste regional tapsgarantiordning for bustadbygging	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Husbanken, Telemark fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Distriktssenteret, bankar og andre aktuelle aktørar	2026-2028
2	Studietur og kunnskapsinnhenting	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Lokale og regionale aktørar innanfor privat og offentleg sektor	2026
3	"Kompetansesirkel"	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Husbanken, Telemark fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Distriktssenteret	2025-2028

Tabell 1

Tiltak 1: Etablere og teste regional tapsgarantiordning for bustadbygging

Utfordring:

Ei sentral utfordring for bustadbygging i Vest-Telemark er gapet mellom byggekostnad og marknadsverdi. I mange tilfelle er kostnaden ved å bygge ny bustad høgare enn det bustaden kan oppnå i salsverdi.

Dette inneber ein betydeleg økonomisk risiko for privatpersonar, entreprenørar og mindre utbyggjarar. Når risikoen for økonomisk tap blir opplevd som høg, vel mange å ikkje setje i gang prosjekt, sjølv om behovet for bustader er til stades.

Konsekvensen er at bustadprosjekt som det i utgangspunktet er etterspurnad etter, ikkje blir realiserte. Over tid gir dette låg bustadbygging og avgrensar tilgangen på eigna bustader i regionen. Manglande tilgang på bustader kan igjen påverke moglegheita til å rekruttere arbeidskraft, fordi potensielle arbeidstakarar ikkje finn eigna bustad.

Sjølv der kommunane har lagt til rette med regulerte bustadtomter, kan den økonomiske risikoen vera avgjerande for om prosjekt blir gjennomført. Erfaringar frå andre regionar (t.d. Senja) tyder på at dette i mange tilfelle er ein viktig barriere, også der andre føresetnader er på plass.

Skildring av tiltaket

Dei seks kommunane i Vest-Telemark samarbeider om å utvikle og teste ei regional tapsgarantiordning for bustadbygging. Ordninga skal vera eit verkemiddel for å redusere økonomisk risiko og bidra til at bustadprosjekt som elles ikkje blir realiserte, kan bli sette i gang.

Ordninga inneber at eit regionalt fond kan dekke delar av eit dokumentert økonomisk tap dersom salsverdien blir lågare enn byggekostnaden. Tapsgarantien skal berre utløysast ved faktisk tap.

Ordninga skal vera avgrensa til bygging av nye bustader, og ordninga skal ikkje omfatte offentleg utbygging.

Gjennom å redusere risikoen for økonomisk tap, skal ordninga gjere det mogleg for fleire privatpersonar og lokale aktørar å gjennomføre mindre bustadprosjekt, og til å bidra til auka tilgang på eigna bustader i regionen. Ordninga skal særleg bidra til å nå to målgrupper:

- unge i etableringsfasen
- eldre som ynskjer å investere i ny bustad

Ordninga kan vera aktuell for privatpersonar som ynskjer å byggje bustad og for entreprenørar som skal utføre mindre bustadprosjekt, til dømes rekkjehus eller mindre leilegheitsprosjekt.

Det blir lagt vekt på å utforme ordninga slik at ho bidreg til å utløyse bustadprosjekt, og at målgrupper og kriterium er tydelege.

Ordninga skal testast som ei regional pilotordning, der erfaringane frå Vest-Telemark kan bidra til vidare utvikling av verkemiddel for bustadbygging i distrikta.

Gjennomføring

- utvikle konkret modell for tapsgarantiordninga, med klare kriterium og avgrensingar
- ta utgangspunkt i erfaringar frå tilsvarende ordningar
- avklare juridiske og økonomiske rammer
- utvikle tydelege kriterium for målgrupper og prosjekt
- etablere dialog med bankar, utbyggjarar og relevante aktørar
- avklare og fastsetje organisering og forvaltning av ordninga
- leggje fram forslag til politisk behandling i Vest-Telemarkrådet
- etablere fond og administrasjon for ordninga
- utvikle søknadsprosess og starte pilotprosjekt
- evaluere erfaringar og vurdere vidareføring

På lengre sikt skal ordninga, i samspel med andre verkemiddel, bidra til betre flyt i bustadmarknaden og styrke grunnlaget for tilflytting og rekruttering.

Tiltak 2: Studietur og kunnskapsinnhenting

Utfordring

Vest-Telemark har samansette utfordringar knytt til bustadbygging, næringsutvikling og rekruttering av kompetanse. Erfaringar frå andre rurale område kan gi nyttige perspektiv på korleis tilsvarende utfordringar kan handterast, men det er behov for å systematisere og omsetje slik innsikt til konkrete tiltak i eigen region.

Det er difor viktig å sikre at kunnskapsinnhenting skjer på ein måte som er relevant for lokale behov, og som kan omsetjast til handling i vidare arbeid med handlingsplanen.

Skildring av tiltaket

Tiltaket omfattar gjennomføring av ein studietur til relevante rurale område, med utgangspunkt i utfordringane i Vest-Telemark, med formål om å hente erfaringar knytt til:

- bustadutvikling og gjennomføring av bustadprosjekt
- samspel mellom offentlege og private aktørar
- næringsutvikling og verdiskaping i distrikta
- rekruttering og kompetanseutvikling innan helse og oppvekst

Studieturen skal vera tett kopla til prioriteringane i bygdevekstavtala. Det blir lagt vekt på å hente erfaringar som kan brukast vidare, og på å vurdere kva som kan overførast til Vest-Telemark, og kva som må tilpassast. Arbeidet skal bidra til å knyte utfordringane i regionen tettare til konkrete løysingar i det vidare arbeidet.

Gjennomføring

Studieturen blir førebudd med utgangspunkt i behov i regionen. Det inneber mellom anna å:

- velje relevante døme (case) og miljø som har overføringsverdi
- sikre brei deltaking
- avklare kva ein ønskjer å få særleg innsikt i

I etterkant blir det lagt opp til erfaringsdeling, der ein tek tak i det som er mest relevant og ser på korleis det kan nyttast vidare i arbeidet med handlingsplanen. Dette skal også bidra til betre samarbeid og ei meir felles forståing på tvers av kommunane

Tiltak 3

«Kompetansesirkel» for plan og bustadutvikling

Kompetanseheving internt i kommunane knytt til plan.

Utfordring

Små kommunar i Vest-Telemark har avgrensa kapasitet og fagmiljø innan plan, og det kan vera krevjande å handtere plansaker og dialog med statsforvaltaren og fylkeskommunen. Dialogen skjer ofte i enkeltsaker, og gir lite rom for å drøfte felles utfordringar og behov på tvers av kommunane. Dette kan føre til ulik praksis og mindre effektiv saksbehandling.

Skildring av tiltaket

Det skal etablerast ein «kompetansesirkel» for plan, der kommunane i Vest-Telemark samarbeider om fagleg utvikling og dialog med regionale og statlege aktørar. Kompetansesirkelen skal vera ein arena som skal bidra og støtte kommunane sitt bustadstrategiske arbeid.

Kompetansesirkelen skal vera ein fast arena for erfaringsdeling, fagleg påfyll og meir koordinert dialog med aktørar som Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Husbanken og distriktssenteret.

Føremålet med dialogen er todelt:

Med Statsforvaltaren og fylkeskommunen:

- Løfte fram generelle utfordringar knytt til planarbeid i små kommunar.
- Få innsikt i eksisterande verktoy og verkemiddel som kan gjere saksbehandling enklare og meir effektiv, eller drøfte behovet for nye.
- Utforske moglegheitene for meir strukturert samhandling om planfaglege tema på tvers av kommunar og forvaltingsnivå.
- Bistand, rettleiing og vurdering av støttande tiltak.

Med Husbanken:

- Kartleggje korleis kommunane i dag nyttar statlege tilskot og støtteordningar.
- Dele erfaringar frå kommunar som har testa ut eigne tilskotsordningar og modellar.
- Vurdere moglegheiter for justeringar eller nye tiltak basert på lokale behov og dynamikken i bustadmarknaden, og kople dette til andre prosjekt i bygdevekstsatsinga.

Første steg

Setje saman ei arbeidsgruppe med relevant fagkompetanse frå alle kommunane som deltek i samarbeidet.

Kven bidreg – og korleis?

Arbeidsgruppe: Representantar frå planavdelingane frå kvar kommune.

Husbanken: Har ei sentral rolle i å bidra med kompetanse og drøfte løysingar, og sit på data knytt til bruk av dei økonomiske verkemidla dei forvaltar.

Fylkeskommunen og Statsforvaltaren: Viktige bidragsytarar med kompetanse på eksisterande verkemiddel og verktoy, og i dialog om løysingsforslag.

Distriktssenteret kan bidra med å dele erfaringar og kunnskap frå m.a. distriktskommune 3.0, enkel planlegging, rettleiingspilot, «Tett på»-samarbeidet i Møre og Romsdal.

Delmål 2: Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor?

Arbeidet skjer i dialog med Distriktssenteret og regionale referansegrupper, mellom anna næringskollegiet og landbruksforvaltinga i Vest-Telemark.

Hovudmål

Styrke kommunane si rolle som nærings- og samfunnsutviklar og skape fleire berekraftige arbeidsplassar og sikre eksisterande arbeidsplassar i privat sektor.

Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærmare omtale under):

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	Styrking og vidareutvikling av etablerartenesta i Vest-Telemark	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Næringskollegiet i Vest-Telemark, Etablerartenesta i Vest-Telemark, Telemark fylkeskommune,	2026-2028

			Innovasjon Norge, Telemark næringshage, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark, Distriktssenteret	
2	Grøn region Vest-Telemark	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Landbruksforvaltinga i Vest-Telemark, Etablerartenesta i Vest-Telemark, næringskollegiet i Vest-Telemark, Telemark fylkeskommune, Innovasjon Norge, NHO, NAV Vest-Telemark, Distriktssenteret	2026-2028

Tabell 2

Tiltak 1

Styrking og vidareutvikling av etablerartenesta i Vest-Telemark

Utfordring

Det har gjennom fleire år vore ein nedgang i tal på etablerarar som har vore i kontakt med etablerartenesta i Vest-Telemark. Fleire ytre rammevilkår kan ha bidrege til denne utviklinga, mellom anna etterverknader av covid-19 og auka økonomisk uvisse. Dette kan ha påverka både viljen og ressursar til å starte nye verksemdar.

Det er likevel viktig å ta tak i utfordringa og leggje til rette for at fleire ser moglegheiter for etablering framover.

Tiltak:

Etablerartenesta er styrkt gjennom ei målretta oppskalering og vidareutvikling til ei meir effektiv og treffsikker teneste. Det er lagt auka vekt på marknadsføring for å nå fleire potensielle etablerarar.

Tenesta vart lagt ut på offentleg anbod hausten 2025 for perioden 2026–2028, der leverandørkompetanse saman med pris vart vektlagt. Ny leveranse er no etablert og i drift.

1. Individuell rettleiing og rådgjeving til etablerarar
 - a. Samtale og avklaring førstefase
 - b. Vidare rådgjeving basert på tildelte ekstratimar
2. Fellestiltak og -tenester bestilt direkte av oppdragsgjevar.
 - a. Kontakt med kommunane (nærings sjefane)
 - b. Marknadsføring og eksterne møter

Målet er å motivere til gründerånd og skape fleire nye private arbeidsplassar.

Medverkande

Kommunane ved næringssjefane (næringskollegiet i Vest-Telemark), Etablerartenesta i Vest-Telemark, Telemark fylkeskommune, Innovasjon Norge, Telemark næringshage, Vest-Telemark næringsforum, NAV Vest-Telemark, Distriktssenteret.

Tiltak 2

Grøn region Vest-Telemark - samspel med landbruksprosjektet «God agronomi i det grønne skiftet»

Utfordring

Det grønne skiftet krev målretta omstilling i næringslivet, men distriktskommunar som dei i Vest-Telemark har avgrensa kapasitet til å utvikle og følgje opp nye berekraftige satsingar. Lokal ressursbruk innan landbruk og skogbruk er viktig for verdiskaping i Vest-Telemark, men det er behov for å styrkje lønsemda og utvikle drifta vidare for å sikre grunnlag for framtidige arbeidsplassar.

Landbruksprosjektet «God agronomi i det grønne skiftet» skal styrkje agronomi, klimatilpassing og matproduksjon i Vest-Telemark. Samstundes er det behov for å sikre at denne utviklinga også gir auka lønsemd og fleire arbeidsplassar i privat sektor.

Skildring av tiltaket

Tiltak 4 skal byggje direkte på arbeidet i landbruksprosjektet «God agronomi i det grønne skiftet» og bidra til at betre agronomi og klimatilpassing gir grunnlag for auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar.

Eit gardsbruk skaper grunnlag for fleire arbeidsplassar enn dei som er direkte knytte til drifta. Landbruket gir aktivitet og etterspurnad etter tenester innan mellom anna rådgjeving, transport, veterinærtenester og tekniske fag. Når drifta blir meir robust og lønsam, styrkjer dette både arbeidsplassane på gardane og grunnlaget for aktivitet i tilknytte næringar. Gjennom prosjektet blir det utvikla meir effektive og tilpassa driftsmåtar. Dette skal gi betre økonomi i eksisterande drift og leggje til rette for vidare utvikling av produksjonen og nye inntektsmoglegheiter.

Tiltaket skal særleg bidra til:

- å styrkje lønsemda i husdyr- og grovfôrbasert produksjon
- betre utnytting av jord-, beite- og utmarksressursar
- utvikling av arbeidsplassar og tilknytte tenester

Tiltaket skal slik synleggjere og forsterke samanhengen mellom utvikling i landbruket og arbeidsplassar i privat sektor.

Første steg

Tiltaket skal konkretisere korleis resultata frå landbruksprosjektet kan gi auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar. Innanfor ramma av tiltaket kan bygdevekstmidlar nyttast til å dekkje delar av koordinering, utgreiing og gjennomføring i landbruksprosjektet, der dette bidreg direkte til måloppnåing.

Dette inneber å:

- peike ut aktivitetar i prosjektet som har størst effekt på lønsemd, drift og klimagassutslepp
- følge opp utvalde gardar tett for å synleggjere effekt av tiltaka
- bruke erfaringane frå prosjektet til å utvikle grunnlag for vidare næringsaktivitet og rekruttering

Medverkande

Aktuelle samarbeidspartnarar: Innovasjon Norge, Telemark fylkeskommune, aktuell rådgjevingsteneste i landbruket (Nortura, NLR, Tine) m.fl.

Delmål 3: Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Hovudmål: Sikre tilgang på og stabilitet i kvalifisert arbeidskraft i helse- og oppvekstsektoren gjennom eit samanhengande kompetanseløp frå rekruttering til stabilisering, utvikla i tett samspel mellom utdanning, praksis og arbeidsliv.

Følgjande tiltak skal prioriterast (sjå nærmare omtale under).

	Tiltak	Hovudansvarleg	Samarbeidspartar	Tidsramme
1	Praksis som gjennomgåande struktur i kompetanseløpet (inkl. rekruttering og kvalifisering)	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Vest-Telemark vgs, Kompetansenettverket for Vest-Telemark, NAV Vest-Telemark, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, OKOS Telemark (opplæringskontor), USN, fagorganisasjonar, KS, kommunalsjefar helse og oppvekst, Statsforvaltaren, relevante utdannings- og fagmiljø m.fl.	2025-2028
2	Læring heile livet og styrka fagmiljø (inkl. fagopplæring og kompetanseutvikling i arbeid)	Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune	Vest-Telemark vgs, Kompetansenettverket for Vest-Telemark, NAV Vest-Telemark, Studie- og utdanningssenteret i Nissedal, OKOS Telemark (opplæringskontor), USN, fagorganisasjonar, KS, kommunalsjefar helse og oppvekst, Statsforvaltaren, relevante utdannings- og fagmiljø m.fl.	2025-2028

Tabell 3

Arbeidet med delmål 3 samarbeider tett med kompetansenettverket for Vest-Telemark i Telemark fylkeskommune.

Arbeidet skal sjåast i samanheng med delmål 1 (bustad), då tilgang på bustad er ein føresetnad for rekruttering og stabilisering.

Tiltak 1: Praksis som gjennomgåande struktur i kompetanseløpet

(inkl. rekruttering og kvalifisering)

Utfordring:

Det er behov for å styrke rekrutteringa til helse- og oppvekstsektoren. Behovet for arbeidskraft vil auke framover, samstundes som det er mangel på rett kompetanse og utfordringar med å rekruttere.

Koplinga mellom utdanning og arbeidsliv er ikkje god nok, og mange elevar og deltakarar har for lite kontakt med arbeidslivet undervegs i utdanningsløpet. Dette peikar på eit behov for å bruke praksis meir systematisk som inngang til utdanning og arbeid, både for ungdom og vaksne.

Samtidig er det behov for å synleggjere breidda av karrieremoglegheiter innan helse- og oppvekstsektoren, slik at fleire får innsikt i yrka og moglegheitene som finst.

Kompetansemangelen heng òg saman med større strukturelle utfordringar, som demografisk utvikling, nedgang i folketal og mangel på bustader. Dette påverkar både rekruttering og stabilitet i tenestene.

I tillegg krev praksis tid og oppfølging i tenestene. I ein situasjon med press på bemanninga kan det vere vanskeleg å prioritere dette. Det er derfor behov for å organisere praksis slik at det blir mogleg å ta imot fleire over tid, og sikre fleire gode praksisplassar.

Tiltaket må sjåast i samanheng med bustadutvikling, attraktivitet og heilskapleg samfunnsutvikling i regionen.

Skildring av tiltaket

Tiltaket skal styrkje bruken av praksis som ein sentral del av kompetanseløpet i helse- og oppvekstsektoren i Vest-Telemark.

I denne fasen blir det lagt vekt på å utvikle, teste og justere tiltak som kan gi betre samanheng mellom utdanning og arbeid, og som kan bidra til rekruttering og kvalifisering. Arbeidet tek utgangspunkt i eksisterande ordningar og samarbeid, og skal byggje vidare på det som fungerer godt.

Tiltaket skal tilpassast ulike målgrupper og gjennomførast på arenaer der målgruppene faktisk er. For ungdom handlar det om inspirasjon og kjennskap til yrka, medan det for vaksne handlar om moglegheiter for omstilling og vidareutdanning. Det skal leggjast særleg vekt på å synleggjere konkrete karrierevegar, kvardagen i yrka og moglegheiter for utvikling over tid.

Tiltaket omfattar særleg:

- styrka og meir systematisk bruk av gjesteforelesingar, praksisplassar, karriererettleiing og arbeidsplassbesøk for ungdom
- meir målretta innsats basert på lokale behov og konkrete rekrutteringsutfordringar i kommunane
- betre samspel med vidaregåande opplæring, innanfor eksisterande rammer (t.d. YFF-faget, yrkesfaglegfordjuping)
- utvikling av praksisbaserte løp for vaksne og personar utanfor arbeidslivet, i samarbeid med NAV og opplæringstenester
- auka medvit om moglegheiter for vidareutdanning og synleggjering av faglege utviklingsløp
- meir aktiv kopling mellom eksisterande arbeidskraft og relevante kvalifiseringsløp
- betre utnytting av eksisterande ressursar og ordningar som støttar meir praktisk læring i skulen

Målet på sikt er å utvikle ein felles regional praksismodell, men arbeidet startar med å styrkje samordning og betre kopling mellom eksisterande ordningar, gjennom konkrete utprøvingar og erfaringar.

Som del av dette vil ein òg prøve ut bruk av simulering som supplement til praksis, for å gje betre førebuing og auke læringsutbyttet. Samla skal tiltaket gjere det enklare for kommunane å ta imot og følgje opp deltakarar, og bidra til at praksis i større grad blir brukt aktivt i rekrutteringsarbeid og kvalifisering av personar utanfor arbeidslivet eller med manglande formell kompetanse.

Gjennomføring

Arbeidet blir organisert stegvis, med vekt på utprøving og læring:

- etablere ei tverrkommunal arbeidsgruppe med ansvar for oppfølging
- kartleggje eksisterande praksisplassar, kapasitet og behov i kommunane
- avklare roller og ansvar i samarbeid med skule, vidaregåande opplæring, NAV og andre aktørar
- prøve ut avgrensa pilotar innan utvalde område (t.d. grunnskule eller vaksenopplæring)

- teste enkle tiltak for å lette oppfølginga i tenestene (t.d. felles rutinar eller støttefunksjonar)
- samle erfaringar og vurdere kva som kan vidareutviklast og skalerast

Tiltak 2: Læring heile livet og styrka fagmiljø

Utfordring

Det er behov for fleire tilsette med relevant kompetanse i helse- og oppvekstsektoren. Samstundes er det mange som allereie arbeider i tenestene utan formell utdanning, eller som har behov for å styrke kompetansen sin.

For fleire er det krevjande å ta utdanning ved sida av jobb. Det er difor behov for ordningar som gjer det mogleg å kombinere arbeid og opplæring, til dømes praksiskandidatordninga eller vidareutdanning i deltidsløp.

Det er òg ei utfordring å behalde tilsette. Høgt arbeidspress og avgrensa moglegheiter for fagleg utvikling kan føre til at folk sluttar. Dette påverkar både stabilitet, arbeidsmiljø og kvalitet i tenestene.

Skildring av tiltaket

Tiltaket skal styrke arbeidet med kompetanseutvikling i helse- og oppvekstsektoren, med vekt på å kvalifisere og utvikle dei som allereie arbeider i eller er på veg inn i tenestene. Samstundes skal tiltaket bidra til meir stabile fagmiljø og betre utnytting av den arbeidskrafta kommunane allereie har.

Dette omfattar mellom anna:

- tilrettelegging for praksiskandidatordninga og andre fleksible kvalifiseringsløp
- betre kopling mellom arbeid og opplæring, slik at fleire kan kombinere jobb og utdanning
- vidareutvikling av fagutviklingsstillingar som støtte for kompetansearbeid i tenestene
- styrking av fagopplæring på arbeidsplassen
- leggje til rette for faglege nettverk og samarbeid mellom kommunane

Gjennom dette skal fleire få moglegheit til å fullføre formell kompetanse, samstundes som fagmiljøa blir styrka gjennom meir systematisk kompetansearbeid og tettare samarbeid i regionen. Tiltaket skal også bidra til at fleire blir verande i sektoren, ved å gi betre rammer for fagleg utvikling og støtte i arbeidskvardagen.

Det kan i tillegg vera aktuelt å sjå nærare på samanhengen mellom kompetanseutvikling, arbeidsbelastning og sjukefråvær, som grunnlag for meir robuste og stabile tenester og redusert behov for innleigd arbeidskraft.

Gjennomføring

- kartleggje kompetansebehov og tal på tilsette utan formell utdanning i kvar kommune
- utvikle og prøve ut tilrettelegging for praksiskandidat og andre fleksible kvalifiseringsløp med vekt på gjennomføring og tilpassing til arbeidssituasjonen
- inngå samarbeid med aktuelle utdanningsinstitusjonar og fagmiljø om konkrete tilbod

- samhandle med kompetansenettverk for Vest-Telemark om gjennomføring av satsingar knytt til læring heile livet og styrka fagmiljø
- leggje til rette for praksisnær opplæring i arbeidstida
- prøve ut tiltak for å behalde erfarne tilsette, og sjå dette i samanheng med kompetanseutvikling og arbeidsmiljø

Erfaringane frå arbeidet skal nyttast til å vidareutvikle ordningar som gjer det mogleg å kombinere arbeid og læring over tid, og til å styrke fagmiljøa i kommunane. Gjennom dette skal fleire kvalifiserast, fleire gjennomføre opplæringsløp, og kommunane få eit betre grunnlag for å rekruttere, utvikle og behalde eiga arbeidskraft.

4. Organisering

Bygdevekstpiloten har hovudansvar for å utarbeide og følgje opp handlingsplanen, i samarbeid med relevante partnarar for dei ulike delmåla. Vest-Telemarkrådet er eigar av bygdevekstpiloten. Det daglege arbeidet blir leia av prosjektleiar, med støtte frå prosjektmedarbeidar.

Arbeidet er forankra i ei styringsgruppe, med deltaking frå kommunane i Vest-Telemark og sentrale samarbeidspartnarar. Styringsgruppa følgjer opp framdrift og utvikling i dei ulike delmåla, og bestemmer retning for arbeidet og prioriterer innsats og ressursbruk. Ansvar og arbeidsdeling blir avklart i samband med partane med oppfølging av dei einskilde tiltaka. Det operative arbeidet blir følgt opp av administrasjonen i Vest-Telemarkrådet og styringsgruppa, i tett samarbeid med kommunane og aktuelle partnarar. Tidlegare arbeidsgrupper, kommunedirektørmøta, næringskollegiet og landbruksgruppa fungerer som referansegrupper i arbeidet. Desse blir nytta til forankring, innspel og koordinering på tvers av fagområde og kommunar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har ei koordinerande rolle i oppfølginga av avtala, og skal bidra til å sjå arbeidet i samanheng med andre relevante statlege verkemiddel og satsingar.

Telemark fylkeskommune er ein samarbeidspart og skal bidra med fagleg rettleiing og ressursar i tråd med eigne prioriteringar.

Husbanken har ansvar for å følgje opp delmålet om fleire eigna bustader, og skal bidra til koordinering på dette området.

Distriktssenteret bidreg med kunnskap, prosesstøtte og rettleiing, og legg til rette for læring og erfaringsdeling mellom pilotane. Omfanget av bidraget blir avklart i dialog og tilpassa tilgjengelege ressursar. Dette skjer gjennom arbeidet med dei årlege handlingsplanane.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Telemark fylkeskommune, Husbanken og Distriktssenteret har delteke i arbeidet med handlingsplanen saman med Léva by- og bygdeutvikling (tidl. Léva Urban Design).

5. Lokal og regional forankring

Handlingsplanen er utarbeidd av styringsgruppa. Handlingsplanen blir lagd fram for politisk handsaming i alle seks kommunane i Vest-Telemark og i Telemark fylkeskommune.

6. Fordeling av budsjett for heile avtaleperioden (statleg medfinansiering)

	Delmål	Total-budsjett	2025	2026	2027	2028
1	Fleire eigna bustader i Vest-Telemark	10 800 000*	500 000	5 000 000	4 000 000	1 300 000
2	Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor	3 600 000	0	2 000 000	1 200 000	400 000
3	Meir kompetanse innan helse og oppvekst	3 600 000	200 000	2 000 000	1 000 000	400 000
4	Prosjektleiing	4 000 000	900 000	2 100 000	750 000	250 000
	SUM	22 000 000	1800 000	11 100 000	6 950 000	2 350 000

*Vest-Telemark prioriterer delmål 1 med 60 % og 20 % på kvar av dei to andre delmåla av 18 mill. Det kan bli endringar i fordeling pr år.

7. Samla budsjett og finansiering for 2026

	Delmål				Finansieringskilder					
		Tiltak	Budsjett	Total- budsjett	KDD 13.50 post 66	Kommunal eigendel	Fylkes- kommunen	Statsforvaltar	Offentlege tilskotsordningar	Anna
1	Fleire eigna bustader i Vest-Telemark (60 %)	Etablere og teste regional tapsgarantiordning for bustadbygging	4 450 000	5 000 000	4 900 000	100 000				
		Kompetansesirkel for plan og bustadutvikling	150 000							
		Studietur og kunnskapsinnhenting	300 000							
2	Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor	Styrking og vidareutvikling av etablerartenesta i Vest-Telemark	1 200 000	2 000 000	1 600 000	100 000				
		Grøn region Vest-Telemark	400 000						300 000*	
3	Meir kompetanse innan helse og oppvekst	Praksis som gjennomgåande struktur i kompetanseløpet	950 000	2 000 000	1 900 000	100 000				
		Læring heile livet og styrka fagmiljø	950 000							
4	Prosjektleiing			2 100 000	2 100 000					
	SUM			11 100 000	10 500 000	300 000			300 000	

*Klimasat-smidlar frå Miljødirektoratet

8. Handlingsplanen er godkjent av

Politisk sak i alle kommunestyra desse datoane:

Samarbeidspart	Dato for (politisk) godkjenning
Fyresdal kommune	21.05.2026
Kviteseid kommune	11.06.2026
Nissedal kommune	30.04.2026
Seljord kommune	07.05.2026
Tokke kommune	05.05.2026
Vinje kommune	19.05.2026
Telemark fylkeskommune – fylkesutvalet	10.06.2026